



*Novelle skriven av ein ungdom*

HO SETTE SEG PÅ PIANOKRAKKEN. Trykte prøvande ned ein tangent. Ein C. C for Cecilie. Det var henne, det. Ho såg nedover seg sjølv. Cecilie. Snille, flinke Cecilie. Ho gret nesten. Men bare nesten.

Ho lyfte handa. Trykte ned den neste tangenten. Ein D. D for David. David – det var han, det. David var den skjønnaste guten på jord. Var. Ho trefte han først i biblioteket. Dei hadde smilt til kvarandre. Lenge. Og så hadde dei prata. Først om bøker og musikk. Så hadde dei gått på ein kafé. Og prata om alt. Dei hadde prata om alt den gongen. Om verda. Familien. Kva TV-program dei brukte å sjå. Om fargar og om sjela. Dei hadde prata om sjela. Den gongen. Då hadde alt vore bra. Og Cecilie hadde vore i himmelen. Tatt på skyene og smilt til englane.

E var den neste tonen. E for Elskling. Det var det han hadde sagt. Han hadde sagt elskling, og halde ikring henne. Han gjorde det ofte og mange gonger. Cecilie likte det. Ho likte å kjenne hans kropp mot sin. Dei to. Dei var ikkje to. Dei var ein. Dei var ein da han heldt ikring henne.

F-en var litt sur. Men det var framleis ein F. F for Fare. Ho burde ha skjøna det allereie da. Da han blei så fråverande. Blikket var ikkje lenger like fast, det flakka hit og dit når ho prøvde å fange det. Han heldt framleis ikring henne. Han sa framleis elskling. Det var vel derfor ho ikkje kjende det da.

Ho trykte sakte ned neste tangent. Lyden blei svak. Lyden av ein G. G for Gråt. Det var det ho gjorde. Ho gret. Ho gret når han braut avtalar. Ho gret i telefonen når han ringde. Gjerne fleire timer for seint. Eller ikkje i det heile. Dei gongene ho ringde, var han som oftast ikkje

heime. På øving, eller på trening. Eller han stod i dusjen. Ellersov. Han måtte ha gjort mykje på den tida, tenkjer ho. For ho ringde ikkje så reint lite.

Ho bevegde seg mot A. A for Andlet. Ho hadde ikkje sett andletet hans på lenge. Ikkje på fleire dagar, faktisk. Ho var nesten like glad. Da slapp ho iallfall dei urolege blikka han sende. Men ho såg det likevel. Andletet hans. Ho såg det inne i seg. Han hadde ikkje ringt på lenge. Ho hadde ikkje ringt i det siste, ho heller. Ho hadde nesten gitt opp. Så ringde han. Plutsleg. Han sa det var noko han ville fortelje. Han ville møte henne, sa han. Andlet til andlet.

Den siste tonen i skalaen var H. H for Hat. Det var hat, og ikkje noko anna ho følte da han sa det. Han sa han hadde treft ei anna. Da var det bare hat som lyste ut av auga hennar. Ho hadde snudd seg sakte og gått. Kva var det ho hadde trudd? At ho kunne ha fått han tilbake? Nei – nå tok ho kofferten sin og pakka minna om han forsiktig vekk.

Så tok ho skalaen ein gong til. ■